

Emne:	Referat frå regionalt planforum 12.6.2018 - KPA Vaksdal kommune	
Til stades:	Vaksdal kommune: Gjertrud Karevoll, Sigmund Simmenes Norconsult: Øystein Skofteland Statens Vegvesen: Guri F. Sognnæs, Gunnar Söderholm Kystverket: Turid S. Jansen Mattilsynet: Odd Tøsdal Fylkesmannen: Gudrun Skjæveland, Hege Hellesøe, Fredrik Arnesen, Egil Hauge, Birte M. Aasen Hordaland fylkeskommune: Anne-Mette Porten (folkehelse), Anne-Kathrine Vabø (plan), Eva Katrine R. Taule (plan), Per Nordmark (plan), Gunhild Raddum (samferdsel), Grete K. Jacobsen (næring), Jomar Ragnhildstveit (naturressurs), Elizabeth Warren (fylkeskonservatoren), Lasse Hansen (analyse), Vidar Totland (investinBergen)	
Forfall:	-	Sak: 2014/13624-125
Møtetid:	12.06.2018 kl. 10.00 – 12.00	Møtestad: Fylkeshuset. Sunnhordland

Møteleiar: Eva Katrine R. Taule
Referent: Anne-Kathrine Vabø

Eva Katrine Taule, fagleiar kommunale planar i Hordaland Fylkeskommune, ønsker velkomen og orienterer om planforum, eit fora for å fremje dialog i planprosessane. Innleiar om planprosessen og at utkast til kommuneplanens arealdel nå er i planforum for andre gang, sist i desember 2017. Beklagar at plandokumenta vart lagt ut seint på nettsida.

Kort presentasjonsrunde.

Presentasjon ved Sigmund Simmenes, Vaksdal kommune

Planprosessen har vore grundig, med eit godt planarbeid. Det er viktig at planforslaget er godt testa i mellom anna planforum før utlegging til høyring. Kommunen har ønska vedtak i juni, men grunna den grundige prosessen, satsar no på vedtak ut på hausten. Det er utfordringar med K5-prosjektet, men ikkje minst moglegheit som vi mest opptatt av. Jobbar ut i frå slagordet Bynært bygdeliv og for å få bergensarane til å sjå mot aust. Toget til Bergen = vår bybane. Kommunen ønskjer å vere tidleg ute. Heldige i Vaksdal, jernbaneverket planlegger tre stopp i kommunen. Målsetting: alle planane skal vere til innbyggjaranes beste!

Presentasjon ved Gjertrud Karevoll, Vaksdal kommune

Gjennomgang av følgjande tema:

- Tidslinje
- Plandokumenta
- Mål for KPA
- Overordna utviklingsstrategi
- Presentasjon av planforslag
- Føresegner
- KU

Framdrift

Framdrift for områdeplanar skal ligge litt etter statleg plan for ny E16 og Vossabanen. I 2018 er det høyring av planprogram for statleg plan og kommuneplanens arealdel (KPA). Planprogrammet for KPA, vedtatt i 2015 har fokus på samferdsel og befolkningsutvikling.

Mål for KPA

Overordna mål for KPA: vekstkommune basert på miljøvennleg utvikling med høg kvalitet for alle. Kommunen har høge målsettingar for å bli fleire innbyggjarar, og ønskjer å satse på variert bustadstruktur og variert næringsliv.

Om planutkastet

Endringane som er gjort i plankartet er både private og offentlege innspel, og kommunens eige ønskje.

Plangrep – definerte vekstsoner og sone for bygdeutvikling.

Område for bygdeutvikling – potensiale for næringsutvikling og reiseliv. Ikkje forventa utbyggingspress, nyttar difor arealføremår LNF-spreidd.

75 % av innbyggjarane i Vaksdal bur i 10 min sykkelavstand til ein stasjonsby.

Dale: definere Dale sentrum. Stille krav til områdereguleringsplan. Næringsareal ved Dalegarden, skal ikkje vere detaljhandel eller kontor som er i konkurranse til sentrum, difor lager og industri og unntaksvarer. Utanfor sentrum – bruk og vern?

Vaksdal: har starta områdereguleringsplan. Lagt til grunn av K5 vert realisert i planperioden, inkludert flytting av jernbanestasjon. KPA meir prinsipiell og overordna, difor kombinasjonsføremål som skal konkretiserast i områdeplanen.

Stanghelle: Utviklast rundt dagens sentrum og ny jernbane. Har starta områdereguleringsplan, stort planområde, områdeplanen bør vurdere stegvis utbygging.

Stamnes: Har ny vedtatt områdereguleringsplan som er under realisering. Vil stø opp om levande lokalsamfunn. 6 ulike LNF-spreidd-område. Noko anna enn stasjonsbyane. Strandsonen her er under press. Valt å legge inn friområde og småbåthamn.

Eidslandet: Forretningar, attraktiv liten stad. 40 tilsette i dag i eksisterande kombinertføremål. Stor eksisterande reguleringsplan for bustad – foreslår å tilbakeføre til LNF og heller fortette i eksisterande.

Eksingedalen: gjort nokon mindre endringar – fleire område er fritidsbustader endra til LNF-spreidd, der det ikkje er krav til reguleringsplan.

Bergsdalen: vore mange innspel, og har gjennomført moglegheitsstudie som har tatt tak i innspela. Bergsdalen er bynært og har stort potensiale som tilpassa småskala reiselivsutvikling. Dette er i tråd med kva bøndene i området ønskjer. Mange DNT-hytter i området. Ny hyttebygging – LNF-spreidd, samt to store nye område for fritidsbustader ved Holeberg, med omsynssone om heilskapleg reguleringsplan. Bør vere samarbeid med Voss kommune.

Fokus på gode nærmiljø og betre tilhøve for mjuke trafikantar.

Sjø – oppdatert i høve til akvakultur og fiske og nasjonal laksefjord. Gjort grep i høve til småbåthavnar, naust og byggjegransar. Diskusjon om ønska utvikling vs. strandsonelova, har veldig mykje strandsone, men ikkje så mykje tilgjengeleg.

Føresegner: følgje opp utviklingsstrategiane.

KU av endringane frå førre KPA. Pluss heilskapleg KU i planomtalen.

KPA følgjer opp strategiar i vedtatt samfunnsdel.

Innspelsrunde

Stort og omfattande planarbeid. Bra med kopling mellom KPA og strategiane i samfunnsdelen.

Befolkningsutvikling

Nye befolkningsprognosar frå fylket med nedjustert forventning til folketalsutvikling. Kommunen synes fylket er for pessimistiske i siste prognose, og er heller optimistiske. Prognosetal i planomtalen skal oppdaterast.

Fylkesmannen

At stasjonsbyane skal vokse er i tråd med statlege føringar, men veksten må vere realistisk. Nullvekstmålet - Bra i høve til jernbaneutbygginga og stasjonsbyane.

Godt planarbeid og heilskap, men vil sjå nærmare på

- om korleis strandsonen er utfordra
- LNF-spreidd kan vere eit godt grep, men nokon utfordringar når det ikkje er krav til reguleringsplan
- utstrekning på bygdeutviklingssonen

Er det 40 bustader det vert lagt til rette for i bygdeutviklingssonen? I førre plan 52.

Svar frå kommunen: Stemmer, planforslaget utvidar ikkje byggesonen frå førre plan.

HFK, næring og Invest in Bergen

Mesteparten overlates til områdeplanene, men er det plass til å vokse og bygge i disse stasjonsbyene etter samferdselsprosjekt har tatt sitt areal??

Dale – god formulering om transformasjon av eksisterande bygnadsmasse. Kan diskutere og kommentere vidare utvikling av næringar.

Mattilsynet

Har de vurdert beskyttelsestiltak av drikkevannskilde, og lagt inn omsynssone i plankartet?

Svar frå kommunen: lagt inn sikringssone der grunnvannsressurser vert nytta som drikkevann, med tilhøyrande føresegner.

Kystverket

Vil kome med innspel direkte med kommunen

Fylkesmannen, folkehelse

Utruleg bra dokument og bra kobling mellom samfunnsdel og KPA. Spørsmål: ønskjer å legge til rette for bustader for varierte grupper – kva for tanker har kommunen kring dette? Viser til ny stortingsmelding – Leve heile livet: møte mellom generasjonane. Alle, uansett inntekt, helse etc skal ha tak over hovudet. Bustadsosial handlingsplan, har kommunen behov for å sikre bustad til nokre utsatte grupper?

Svar frå kommunen: I reguleringsplan for Tettaneset er det lagt opp til balanse mellom rekke- og einestader. Har også satsinga: Lev vel i Vaksdal. Bustadsosial handlingsplan står i planstrategien, men er ikkje gjennomført

HFK, folkehelse

Imponert over forankringa av folkehelse. Veldig løft frå sist planforumsmøte. Men etterlyser litt på sosial ulikheit i helse kople til bustad. Kommunen vil snu negativ utvikling i høve til vekst, manglar innbyggjarar i gruppa 18-35 år. Når de satsar på stasjonsbyane, husk på desse gruppene ved planlegging av bustader her. Kommunen er god på å tenke utvikling av attraktive stader og møteplasser.

HFK, kulturminne

Kommunen har vedtatt kulturminneplan med mange gode føresegner. Men litt dårlig kopling mellom kulturminneplan og KPA. Manglar mellom anna omsynssoner i plankart. Kan vere lurt å sende planutkastet til kultur hos HFK før høyring.

Svar frå kommunen: omsynssonene i kulturminneplanen skal inn.

Samferdsel, HFK

Greitt og enkelt og lettlest og oversiktlig planmateriale. Samordna areal og transportplanlegging, sentrumssatsing, og fokus på gang og sykkel er i tråd med regionale og nasjonale føringar.

Saknar parkering i planomtalen og differensiering mellom sentrum og utanfor.

På Stamnes er det tilgjengelege bustaderareal, men ikkje i tråd med Regional transportplan og dårleg vegtilkomst.

Svar frå kommunen: Stamnes ligg så nære Dale at vil få ringverknader frå K5. Områderegeringsplanen er så nyleg vedtatt at den er ikkje diskutert i KPA. Parkering i sentra vil regulerast i områderegeringsplanane. Kan lage leseretleing til parkeringsføresegner i planomtalen.

Statens vegvesen

Lette dokument å lese. Langs fylkesveggar i Stamnes og Bergsdalen er det eit stort problem med parkering langs veg og i grøftar. Bør verte krav til felles parkering for hyttar. Saknar at rammeplan for avkjørslar vert vist til som overordna føringar, og at det i føresegner legger opp til felles avkjørslar frå fylkesvegane. Ikkje krav til parkering til naust, dette vil nok vegvesenet stille krav til.

Utfordring at K5 ikkje er fastlagt og på Vaksdal er det jo fortsatt to aktuelle alternativ. KPA må ligge føre slik at det er opent for begge K5-alternativa og vegvesenet slipp å kome med motsegn. Korleis handterer de det?

Svar frå kommunen: ønskjer velkommen ei jernbane i sentrum – vil fungerer i begge alternativa. Bustadområde lenger nord i Vaksdal som er KU-vurdert er ikkje teke inn i planen for dei kan kome i konflikt med ei av traseane. Slik KPA-forslaget ligg føre er det opent for begge alternativa. Ønskjer ikkje lage planmessige hinder for statlege reguleringsplanen. Men usikker på om det er det eit problem at ligg stort kombinerte føremål i Vaksdal. Områderegeringsplanane skal vere førande og dei skal vedtas etter statleg plan.

HFK, Lokalsamfunn, næring

Reiselivsstrategi for Vestlandet peiker på trendar innan reiseliv, reiselivsfokus i KPA er i tråd med denne. Auka ønskje om unike opplevingar og utforsking. Vaksdal har gode føresetnader med sine unike fjellområde. Bra å tenke på infrastruktur i høve til dette. Kanskje trong for meir, inkludert eting og

overnatting. Lokalsamfunn der innbyggjarane trivast er også eit godt grunnlag for reiselivssatsing. Bra med Liv & lyst-prosjekt på Dale.

Temaplan for landbruk, vedtatt i fylkestinget i dag, har fokus på naturbasert reiseliv. Positivt at kommunen har dialog med bøndene, og reduksjon av nedbygging av matjord. Vi har lite jordbruksareal og kommunane må ta ansvar, ser ut som Vaksdal har gjort dette.

Viktig med bevisstheit kring kulturhistorie og unike naturressursar.

Når det gjeld tilhøve mellom privat hyttebygging vs reiseliv, er det bevisstheit kring dette?

HFK, plan

Positivt med mål om 90 % av planlagde nye bustader sykkelavstand til jernbanestasjon. Stort og grundig arbeid. Viser til retningslinjer i både Regional plan for attraktive senter og Regional areal- og transportplan for Bergensområdet som er relevante og bør innarbeidast i KPA.

Kommunen har mål om å vokse mykje meir enn prognosane tilseier, og har kapasitet til å handtere vekst i vedtekne reguleringsplanar. Bør vise realismen i 20 – 40 % vekstmålet og fordele vekst på dei ulike sentera, samt i høve til tid. Bør også vise kobling mellom mål om 20 – 40 % vekst og kor mykje bustad KPA faktisk opnar for, inkludert eksisterande reguleringsplanar. Bør vurdere føresegner om trinnvis utbygging, kobla mot utbygging av Vossabanen. KPA må vere overordna og definere lokalisering av busetting, sentrumsutvikling, handel, arbeidsplassar, og fordeling mellom stasjonsstadene.

Saknar definering av kommunal senterstruktur. Retningslinje 1.1 i Regional plan for attraktive senter seier at «Kommunane skal gjennom kommuneplanarbeidet innarbeide ein senterstruktur i samsvar med regional plan...» Retningslinje 2.3 seier at Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller i reguleringsplan for sentrum. Det bør konkretiserast i føresegnene i KPA at sentrumsutstrekning skal definerast i områdeplanane.

Utkast til KPA tek ikkje for seg tema om handel. Retningslinje 4.3 i Regional plan for attraktive senter seier at «Behov for handel skal vere tema i kommuneplanens arealdel.» KPA bør og sjå på fordeling av handel i senterstrukturen. Handelsføresegner må vere i tråd med den regionale, inkludert definisjonar, dimensjonering og samtykke.

Retningslinje 2.2 i Bergensområdeplanen seier at ved rullering av KPA skal det gjerast ei vurdering av arealreserven i eksisterande byggjesone og potensiale for fortetting. Og det skal vere ei bustadreserve på max 20 år.

Retningslinje 5.4 i Bergensområdeplanen seier at Nye større bustadområde (15 einingar) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og til kollektivstopp. Dette bør innarbeidast som rekkefølgekrev i føresegnene i KPA.

Stiller spørsmålsteikn til urban utvikling både ved jernbanestasjon og ved sjøen.

Råstoffutvinning, innspel frå direktoratet for mineralforvaltning, sendt på e-post:

Om DMF

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnyttning av mineralske ressurser, og har et særlig ansvar for at mineralressurser blir ivaretatt i plansaker.

Viktige føringer for mineralressurser i planarbeidet

I Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging vedtatt ved kongelig resolusjon 12. juni 2015, heter det at Norge har store mineralressurser som det moderne samfunnet har behov for og utvinning

kan gi grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanleggingen er viktig for å sikre tilgjengelighet til gode mineralforekomster i fremtiden, og for å ivareta andre miljø- og samfunnshensyn.

Regjeringens forventninger til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunene og kommunene sikrer tilgjengelighet til gode mineralforekomster for mulig utvinning, avveid mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen på byggeråstoffer ses i en regional sammenheng.

Mineralressurser som utredningstema

Som de nasjonale forventningene legger vekt på, omfatter forvaltning av mineralressurser ikke bare å avsette nye områder for råstoffutvinning. Det innebærer også å sikre tilgjengelighet til gode mineralforekomster for fremtiden og kommende generasjoner. I dette ligger det at kommunen så langt det er mulig, bør unngå å båndlegge registrerte mineralressurser gjennom arealbruk som bygger ned forekomster, eller legger andre begrensninger for framtidig utnytting av ressursene.

Gjennom god planlegging kan kommunen skaffe seg en oversikt over hvor langt fram i tid eksisterende massetak og råstoffområder dekker behovet for byggeråstoff.

Utvinning av mineralressurser gir kommunen lokale kilder til byggeråstoff og muligheter for arbeidsplasser. Ved etablering av boligområder, næringsarealer, veger og annen infrastruktur er det en fordel å ha tilgang til byggeråstoff lokalt, da det er både økonomisk og klimavennlig å unngå lengre transport av massene. Når man planlegger hvor boliger, hytter og næring mm skal etableres bør det foreligge en oversikt over mineralressursene slik at man unngår å bygge ned og båndlegge disse ressursene hvis man kan unngå det, eller vurdere om utvinning av ressursene kommer i konflikt med andre formål.

For å få en god og bærekraftig forvaltning av våre mineralressurser oppfordrer DMF til at kommunen legger opp til en kartlegging av ressurstilgang og behovet for mineralressurser ved revidering av kommuneplanen.

Verktøy i planleggingen

- NGUs databaser over mineralforekomster gir en god oversikt over kommunen og regionens mineralforekomster.
- Områder hvor det skal gjøres uttak av mineralressurser bør gis formål Råstoffutvinning. Hvis området f.eks. skal gis bolig- eller næringsformål bør dette beskrives som etterbruk
- Det bør legges inn hensynssone i arealplankartet for å synliggjøre og ivareta de mineralske forekomstene som ikke avsettes til Råstoffutvinning.

Mineralressurser i Vaksdal kommune

Vaksdal har flere forekomster av grus, og flere steintipper; f.eks Eikefett, Norheim, Myster, Eide, Stamnes, Straume, Dalegarden syd og Leitevatnet nord, hvorav siste forekomst er av større betydning. Det finnes også forekomster av industrimineraler og naturstein som også bør ivaretas.

Kommunen har flere massetak og tipper som har ukjent driftsstaus eller er avviklet, eksempelvis Myster, Brekke og Berge. Kommunen anbefales å se på mulig videre drift av disse for å dekke kommunens (evt. regionens) behov for byggeråstoff. Det anbefales å drive ut påbegynte ressurser optimalt før nye uttak etableres. Kommunen ønsker å legge til rette for Ny E16 og Vossebane, det er da formålstjenlig å ivareta tilgang til byggeråstoff og planlegge områder for deponier i forhold til dette. Denne infrastrukturen vil også bli viktig transportåre for mineralressurser, og gi økt mulighet for salg av masser og mineraler i framtida. En regional oversikt over forekomster og ressursbehov vil være et nyttig verktøy i planarbeidet.

Avslutning

Bra med videre kontakt om detaljar, grunna kort tid til å lese gjennom plandokumenta. Planen langt på veg i tråd med nasjonale og regionale føringer. Lykke til med arbeidet fram mot offentlig høyring og vidare arbeid opp mot K5-prosjektet!

Kommunen takkar for innspel. Kom gjerne med innspel direkte før høyringa!